

INFORMASJON

HYRDINGRØYSTA

NR. 1/2022

APRIL

Grunnlagt 1938

83. årgang

God påske

Frå redaksjonen



Vi har denne vinteren opplevd det få trudde var mogeleg, nemleg ein fullskala krig mellom dei to største landa i Europa.

Vi har sett menneskelege lidingar og materielle øydeleggingar vi må tilbake til andre verdskrig for å finne maken til. Vi har også sett ein flyktningstraum av historiske dimensjonar.

Når vi først har nemnt andre verdskrig, så er det skremmande mykje i den russiske aggresjonen mot Ukraina som minner om Hitler sitt åtak på Sovjetunionen, det gjeld både krigføringa og retorikken. Det er skremmande at ein sivilisert nasjon som Russland kan finne på å angripe ein fredeleg nabo, og med absolutt alle midlar prøver å rasere landet, og som ikkje skil mellom sivile og militære mål. Det er også ufatteleg at dei angrepa vi ser mot sivile mål i Ukrainske byar er sette i verk av ein diktator som for berre få veker sa at krig ikkje sto på timeplanen.

Galskapen har resultert i millionar av menneske på flukt, menneske som har sett og opplevd ting som ikkje er råd og fatte og som i mange tilfelle vil vere merka for livet. Det handlar om menneske som har sett sine egne born bli drepne av statterrorisme, menneske som har måtta forlate Ukraina utan å få med seg ektefeller, søner og brør. Dei må vere att og kjempe for fedrelandet, eit område av Europa som opplevde enorme krigshandlingar og øydeleggingar då tyske arméar invaderte i 1941.

Desse menneska treng all den hjelp og støtte dei kan få, og det er flott og sjå korleis det norske samfunnet mobiliserer for å hjelpe både økonomisk og med å stille hus til disposisjon for flyktningane. Vi snakkar om den største humanitære krisa i Europa i nyare tid.

Også Kyrkja har engasjert seg, og for nokre veker sidan ringde kyrkjeklokkene for

fred over heile landet. Bispemøtet har også sagt sitt om den meningslause krigen og det er ingen tvil om kva biskopane meiner.

– Vi fordømmer angrepet på Ukraina. Vi protesterer mot den russiske krigsmakta som invaderte nabolandet og sette i gong ein brutal krig, i strid med internasjonal rett og grunnleggjande menneskerettar. Den russiske presidenten har ansvaret for å ha starta krigen, og må ta ansvar for å avslutta den. Men alle som har makt og myndigheit, i alle land, må gjere sitt ystete no, slik at krigshandlingane stansar og ikkje spreier seg og eskalerer enno meir, seier bispemøtet som også manar til å ikkje stigmatisere russarane som bur her til lands.

– Vi må vere tydelege på at vi er ikkje imot det russiske folket, og vi er ikkje imot russarar som bur og arbeider i Noreg. Trakassering og utestenging av vanlege russarar er totalt uakseptabelt. Vi skal leve saman som gode medmenneske og naboar, er oppmodinga frå biskopane, noko alle bør støtte.

Det er bra at den norske Kyrkja engasjerer seg til støtte for krigsoffera, men det er forstemmande og sjå og høyre korleis den russiskortodokse kyrkja stiller seg til krigen. I staden for å fordømme den russiske aggresjonen, presterer Moskva-patriark Kirill å heidre den russiske presidenten.

Det som skjer i Ukraina vil få ein knusande dom når historia om denne krigen ein gong skal skrivast. Men inntil då, får vi håpe at det internasjonale presset får slutt på galskapen og at våpena vil stilne.

Ha ei god påske, trass alt!

Hugs bladpengane

Bladpengane er den viktigaste inntektskjelda vår. Om alle betalar kan vi lage eit både fyldigare og betre blad. Sjå meir på neste side.

KYRKJA I JØLSTER

KYRKJEKONTORET

☎ 57 82 81 80

Ope tysdag 9-15 : Tilsette kan treffast etter avtale også resten av veka.

post.jolster@sunnfjordkyrkja.no

www.kyrkja.no

www.facebook.com/kyrkeneijolster

HOVUDKONTORET I FØRDE

☎ 57828180

E-post: sunnfjord@sunnfjordkyrkja.no

Sunnfjord kyrkjelege fellesråd:

Nils Gjerland, leiar tlf.: 950 74 007

Ålhus sokn:

Marta Fimreite tlf: 913 87 552

Helgheim sokn:

Astrid Aardalsbakke Feldt

☎ 416 84 368

Sokneprest Silje Sørebo

Kontortid etter avtale

☎ 473 99 492

silje.sorebo@sunnfjordkyrkja.no

Fungerande sokneprest

Reidar Knapstad

☎ 975 68 220?

Sekretær Toril Øye

Kontortid tysdagkl. 9-15

post.jolster@sunnfjordkyrkja.no

Kyrkjeverje

Inger Hageberg Øvrebø

☎ 416 94 472

inger.ovrebo@sunnfjordkyrkja.no

Kontortid etter avtale

Ass. kyrkjeverje

Trond Herløvsund

☎ 489 58 086

trond.herlosund@sunnfjordkyrkja.no

Vikarprest Carsten Langeland

Kontortid etter avtale.

☎ 902 39 173

carsten.langeland@sunnfjordkyrkja.no

Kantor Rune Molvik

☎ 99127430

rune.molvik@sunnfjordkyrkja.no

Kontortid tysdag kl. 9-15

Kateket Ute Lindner

Kontortid etter avtale

☎ 489 58 165

ute.lindner@sunnfjordkyrkja.no

Driftsleiar Helge Årdal

☎ 97 64 90 16

epost: helge.ardal@sunnfjordkyrkja.no

Utleigenummer Misjonshuset på Skei

☎ 959 48 849

Utleige Vassenden kyrkjesenter

☎ 971 20 085

HYRDINGRØYSTA



KYRKJEBLAD FOR JØLSTER



Getsemane av Nikolai Astrup.

ANDAKT

Av sokneprest SILJE SØREBØ

Gud i mørkret

Eg hugsar ein samtale med ein eldre mann som eg møtte for ein del år sidan. Vi snakka om det vi såg på nyheitene akkurat då: bomber som fall og uskuldelege som leid. Då sa han til meg: «Mange spør seg, kor er Gud i dette? Men om Gud finst, då trur eg at han er tilstades der vi ikkje kan sjå han, i det mørkaste, hos dei som lid.»

«Ingen har nokon gong sett Gud, men den einborne, som er Gud, han har synt oss kven han er.» (Joh 1,18). Jesu lidingssoge som vi les på langfredag i kyrkja syner oss noko av det same som det som det denne eldre mannen uttrykte; at Gud går inn i mennesket sitt mørker og vaker der. Den natta då Jesus venta på å bli tatt til fange av soldatane, var han i dødsangst. Han gjekk til hagen som heitte Getsemane saman med læresveinane sine og bad dei om å vake og be saman med han. Men det motsette skjer. Læresveinane sovner, men i Jesus går Gud sjølv inn i mørkeret og vaker der ingen andre orkar å vake. Han bringer fram smerten for alle som ikkje finn orda: «Mi sjel er sorgtyngd til døden!». Han ber om å få sleppe: «Far, er det råd, så la

dette begeret gå meg forbi, men ikkje som eg vil, berre som du vil!» Men han slepp ikkje, lik tusenar av menneske i denne verda ikkje slepp lidinga, slik ingen menneske slepp døden. Var dette Guds vilje, ei slik lidning og død som Jesus fekk? Om vi ikkje kan seie at Gud ønskte lidinga og døden, så kan vi vel kanskje heller seie at det var uunngåeleg for Gud, ein Gud som gjorde seg sårbar fordi han av sin kjærleik ikkje kan anna enn å vere nær i mennesket sitt djupaste mørke, lydhovert for mennesket sin angst og lidning. Det var uunngåeleg fordi det var difor han var komen, for å bringe lys i mørkeret, kjærleik til hatet og liv i døden.

Læresveinane til Jesus klarte ikkje å vake med han i Getsemane. Dei sovna. Dei skjønte vel ikkje heilt kva som var i ferd med å skje. Slik kan det vere med oss menneske iblant, vi søv eller er likegyldige når vi burde vere lys vakne. I kvardagen blir eg vel ofte litt blind for kor urettferdig verda er og kor mange menneske som lid fordi dei manglar det dei treng av mat, vatn eller tryggleik. Men plutselig blir eg vekka, rista, når eg ser på nyheitene at bombene fell og millionar er på flukt. Det er for mykje å ta innover seg. Men om vi ikkje alltid kan orke å ta alt innover oss, så kan vi be, slik Jesus sjølv bad i Getsemane og slik

han lærer oss å be i Vår Far: «Far, lat viljen din råda». Ei bøn om at Guds gode vilje framleis må skje i verda og gjennom oss menneske. Måtte alle som er på flukt møte gjestfriheit og varme der dei kjem, og måtte vi alle tenne dei små lysa vi kan tenne for å gjere Guds kjærleik synleg i verda! Og måtte Gud sjølv vake der ingen andre orkar å vake og gje lys i mørkeret og liv i døden!

Noen må vake i verdens natt,
Noen må tro i mørket,
Noen må være de svakes bror,
Gud, la din vilje skje på jord!
Hjelp oss å følge ditt bud!

Noen må bare en annens nød,
Noen må vise mildhet,
Noen må kjempe for andres rett,
Gud, la ditt rikes tegn bli sett!
Hjelp oss å følge ditt bud!

Herre, du våker i verdens natt,
Herre, du bor i mørket,
Herre, du viser oss Kristi dag!
Selv under livets tyngste slag
Er vi hos deg, du vår Gud!

(Norsk salmebok nr 738)

HYRDINGRØYSTA

kjem ut med fire blad i året, og vert sendt til alle husstandar i Jølster som informasjon.

Ein giro på kr 250,- vert sendt ut med bladet ein gong i året. Betalninga er

frivillig. Annonseren støttar bladet med kr 1000,- for fire annonser i fire nummer pr år. For abonnentar utanom kommunen: kr 350,- pr år. Må tingsast.

Kontonummer til Hyrdingrøysta: 3703. 30 09225. Bladet slit med økonomien så det er viktig at alle betalar. Alternativet er å legge ned bladet.

BLADSTYRET:

Hallstein Dvergsdal,
Björg Dvergsdal og
Hildegunn Huus
hdvergsdal@gmail.com
Neste nummer kjem i oktober.



Ann Helen Eide har ein stor produksjon bak seg og har eit av måleria sine hengande på daglegstova på omsorgssenteret der ho bur. Foto: Bjørg Dvergsdal.

Målar og poet

Vi har tidlegare fortalt om Ann Helen Eide som har diktskriving som hobby. Men denne dama målar også og kan såleis kallast multi-kunstnar. Ho gjekk i si tid i lære hos Elsa Eik-aas og har måla jamt og trutt sidan.

Diktet som vi presenterer i dag må seiast

å vere dagsaktuelt, både grunna situasjonen i Ukraina og det at vi no ser ut til å vere ute av pandemien som har lege som eit åk over land og folk i over to år. Diktet vart framført i samband med tidebøn på Vassenden Kyrkje-senter

Fred og fridom

Av Ann Helen Eide

Eg vil ha fred og fridom.
Eg vil ikkje vere bunden til trelldom,
til eit åk som likevel ikkje er mitt.

Eg vil ha fred og fridom.
Eg vil ikkje vere bunden til
klokkeslett, mas og kav.

Eg vil vere fri som fuglen,
ikkje sitte fast
i tornekratt og einer.

Eg vil vere fri som alka.
Med god oversikt over sjø og hav,
og eit blikk mot godver.

Eg vil ha fred og fridom.
Men likevel akkurat passe med
utfordringar, med eit løfte
om vekst og solskin.

Bibelen i bøker og bilete

Av JANNE KARIN STØYLEN
Foto HALLSTEIN DVERGSDAL

Bibelen er så mykje meir enn ei bok. Den er eit heilt bibliotek med bøker i mange sjan-grar; Noveller, poesi, biografar, epos og apo-kalypsar. Fram i gjennom historia har bibelen inspirert kunstnarar til visuelle tolkingar av forteljingane.

I boka «Bibelen på 200 sider» har kunst-historikar Jorunn Veiteberg vore biletredak-tør for systema, biskop Kari Veiteberg, når ho viser lesaren vegar til bøkene i Bibelen.

Onsdag 15. juni kjem Kari og Jorunn Veit-berg til Helgheim kyrkje for å fortelje om bø-kenes bok i lys av dei nye kunstverka som har blitt laga for kyrkja av Jølster design, utforma av kunstnaren Elsa Norunn Håheim Nydal. Kveldssetet i kyrkja er eit samarbeid mellom Kyrkjene i Jølster, Jølster litterære folkeakade-mi og Rom for ord.



Oslobiskop Kari Veiteberg var på besøk i Helgheimskyrkja i fjor. Til sommaren kjem ho tilbake.

I DENNE SPALTA tenkte vi at du kan skrive om eit dikt du likar. Skriv gjerne korleis du vart kjend med diktet, kvifor du likar det, om det påverkar deg på ein spesiell måte,

om du tykkjer det utfordrar deg, gjer deg glad, trist, eller gjer deg ettertenksam. Du kan sjølv velje om du vil presentere heile diktet eller berre nokre vers av det dersom

det er veldig langt. Så er det fint om du utfordrar nokon som kan presentere sitt dikt i neste nummer av bladet. (Legg ved eit bilete av deg sjølv.)



Haldis Moren Vesaas

Å vera i livet

(Tre vers til mor)

Dette å vera i livet,
open for alt ikring,
bunden med sterke røter
til menneske og til ting,
gi både hjarte og hender
i omsorg som aldri svik,
var det som gav mening til ferda di
og let deg få kjenne deg rik.

Og den som er rik vil ha seg
eit hus som er såleis bygt
at alle som høyrer til huset
kjenner det godt og trygt,
og såleis at framande gjerne
kjem innom dørene der
og aukar den rikdom som finst der før
med alt det dei sjølve er.

Fattig var du om aldri
i livet du kjenne fekk
at mellom deg og dei andre
levande straumar gjekk
av tillit og varme som styrkte
kvart band som til livet deg batt,
og lar deg få kjenne,
når alt blir gjort opp,
at meir enn du gav, fekk du att.

Møte med eit dikt

Denne gongen er det ASTRID FELDT som presenterer eit dikt ho er glad i.

Dikta til Haldis Moren Vesaas har eg møtt i fleire samanhengar. Eg tykkjer ho skriv kloke ord til glede, trøyst og undring.

Dette diktet har eg høyrte og lese mange gonger, men er blitt ekstra glad i det dei seinare åra. Eg opplever at det handlar om å vere til stades i livet og å gje rom og tryggleik til andre.

Det minner meg også om både mor mi og svigermor. Eg tenkjer i takksemd på desse to, som var mødre med mykje omsorg og omtanke.



Dette diktet av Haldis Moren Vesaas har eg blitt ekstra glad i dei siste åra, fortel Astrid Feldt.

Misjonshuset treng hjelp

Skei Misjonshus som også fungerer som kyrkjelydshus for Helgheim Sokn, har nyleg hatt årsmøte. No har vi ikkje hatt årsmøte sidan 2020, så det er på tide å komme i normalt gjenge igjen.

Dei siste to åra har fare hardt med økonomien til huset. Utleige har naturlegvis stupt medan faste kostnader stig. Under skotet har vore ca 30.000 i snitt desse to åra. Huset var ikkje innmeldt i frivilleregisteret og det vart oppdaga for seint, slik at vi ikkje rakk å søke på koronamidlar.

Ei anna stor sak er taket på hovudbygningen. Taket er gjennomrusta, spesielt på

nordvestsida, og no må det berre skiftast. Prisane på materialar til taket har stige mykje siste åra, så vi må rekne med at eigenkapitalen vår ikkje strekk til.

Difor kjem styret no ut og minner bygdefolket om at vi har eit godt og anvendelig hus til samkome og møter av ymse slag. Vi treng fleire leieinntekter.

Samstundes er vi frimodige og utfordrar bygdefolk til å yte både tid til dugnadsarbeid og gåvemidlar til nytt tak.

Venleg helsing
Styret i Skei Misjonshus

No er kyrkja ferdig pynta



Glade for at bileta er på plass. F.v.: Elsa Norunn Håheim Nydal, Solrunn Dvergsdal, Iren Dvergsdal og soknerådsleiar Astrid Feldt.

– Dette er det største utsmykkingsoppdraget og den største ordren vi nokon gong har hatt, fortel dagleg leiar ved Jølster Design AS, Solrunn Dvergsdal.

Tekst og foto: HALLSTEIN DVERGSDAL

Det ho siktar til, er det som har vore den vesle bedrifta sitt hovudfokus dei siste to åra, nemlig å lage åtte store bilete som skal pryde langveggane i Helgheim kyrkje.

Stor gåve

Utsmykkingsoppdraget som kjem frå Helgheim sokneråd, er resultat av ei stor pengegåve frå investoren og jølstringen Ivar Helgheim.

Helgheim er død og får såleis ikkje glede av å sjå resultatet av den rause gåva, men han fekk forklart om det nye gjerdet på austsida av kyrkjegarden som vart finansiert med noko av pengane frå gåva hans.

– Av omsyn til gjevaren, vil vi ikkje gå ut med prisen på det vi har levert, men det ligg to

års arbeid bak, så dette er eit verdifullt bidrag til kyrkja, seier Solrunn Dvergsdal.

Ho legg til at dei også skal levere antependium, lesepult- og preikestolklede i alle dei fire liturgiske fargane til same kyrkja.

Frå Bibelen

Dei åtte bileta som siste søndag i mars vart viste fram i kyrkja er i storleiken 225 X 85 cm og har alle motiv frå bibelske hendingar, både i Det nye og det Gamle testamentet. Dei to hovuddelane av Bibelen har fått fire bilete kvar, og motiva frå Det nye testamentet får plass på sørveggen, altså mot vatnet.

Til kvart av dei åtte bileta som er monterte på trerammer, høyrer det eit bibelord som er skrive på ei plate, i lag med tittelen på biletet, og plassert på vegggen under. På ei anna plate


er namnet på gjevjar, designar og produsent plassert.

– Det som blir spennande no, er korleis lyset i kyrkja og fargane på veggane verkar inn på opplevinga av bileta, sa Elsa Norunn Håheim Nydal nokre dagar før bileta kom på plass. Ho har designa bileta og brukte nærare to månader på å lage skissene til dei flotte tekstilane.

Lang prosess

Det er ikkje berre enkelt å få godkjent noko som skal henge i ei kyrkje. Det er mange som skal meine noko, og slike prosessar tek tid. Den første som skal uttale seg er soknerådet. Når dei har sagt sitt, går saka til biskopen som har sine reglar og føringar å gå etter. Biskopen fekk kyrkjekunsten til godkjenning i mars 2020 og eitt år seinare kom godkjenninga. Då hadde prosjektet også vore inn om Riksantikvaren for uttale.

– Dei nye kunstverka vil openbert ta merksemd og vere tydelege innslag i rommet, men



To av bileta med motiv frå Det nye testamentet. «Følg meg» og «Jesu livsoppgåve».

det visuelle inntrykket vil framleis ligge i koret og altarpartiet, skriv Riksantikvaren som legg til at dei nye bileta ikkje vil bli så dominerande at dei endrar opplevinga av kyrkja sin arkitektur.

– Vi kan ikkje sjå at endringane vil redusere kulturminneverdiane i Helgheim kyrkje. Dersom ein syter for at monteringa gir minimalt med inngrep i veggane, har Riksantikvaren ingen innvendingar mot tiltaket, heiter det til slutt.

Krevjande vevnad

Dei tre damene ved Jølster Design er samde om at det har vore eit krevjande oppdrag. Bileta har mange fargar med blått, gult, grønt, brunt og raudt som dei dominerande.

Fargane er i same palett som dei vi finn i glasmåleria i koret. Dei har eitt element som går att i alle så nær som det som syner Moses med steintavlene, ei horisontal line som symboliserer vasslina til Jølstravatnet.

Elsa Norunn leverte skisser med fleire fargar enn det som er å finne i det endelege produktet.

– Vi kan ikkje ha meir enn eit visst tal skytlar i veven, så dermed måtte vi gjere nokre val, fortel Solrunn.

– Hendingane i bileta frå Det gamle testamentet er plasserte i eit tenkt landskap, på ei

strand med spegling i vatn, illustrert med ei samanhengande line i biletserien. Lysstrålar frå den skapande Gud går att i biletserien, seier Jølster Design om bileta og meiner at sidan Helgheim kyrkje ligg ved breidda av Jølstravatnet, passar det å ha eit slikt utgangspunkt.

Bileta frå Det nye testamentet er plasserte i det same tenkte landskapet, ei strand døypt i still vasspegel.

– Lysstrålar frå betlehemsatta møter lyset frå Jesu livsgjerning og hans oppmoding om etterfølging, seier bedrifta om det som no pryder veggane kyrkja.

Sentrale tema

Motiva på dei åtte bileta er som sagt henta frå Bibelen og det handlar om sentrale hendingar som skapinga, syndefallet, Moses med steintavlene, Juleevangeliet, Guds lam og Jesus og borna.

– Det er tydeleg at vevnadane tek sin inspirasjon frå eksisterande innhald og stil i kyrkjerommet, og det kunstnarlege innhaldet er inspirert av sentrale, bibelske tema, skriv bispekontoret som på grunnlag av dette har godkjent utsmykkinga utan merknader elles.

Hyrdingrøysta var til stades då bileta vart hengde på plass. I kyrkja var også produsentane og soknerådsleiar Astrid Felt.



Samuel Dvergsdal sto for monteringa av bileta.


– Dette vart veldig bra og Jølster Design har gjort eit enormt arbeid, var kommentaren frå soknerådsleiar.

Nøgd designar

– Eg var spent på korleis dette ville ta seg ut, men det vart bra. No spørst det berre kva kyrkjelyden seier, smilte Elsa Norunn Håheim Nydal, nøye granskande dei åtte bileta som nett var komne på plass.

For dei som måtte interessere seg for det vevtekniske, så kan vi opplyse, basert på ekspertisen i Jølster Design, at det er om lag 6000 innslag per bilete, det vil seie at skytlen har hatt så mange turar att og fram gjennom veven. De seks skytlane som har vore i bruk, har resultert i åtte flotte bilete som no pryder dei tidlegare nakne veggane i kyrkja, og som har gitt den eit heilt nytt interiør.

Bileta korresponderer også med glasmåleria på vindauga i koret og gir kyrkja eit roleg og innbydande preg. Dei nye bileta er vel verdt å kvile augo på.



GJESTESKRIBENTEN:

Hyrdingrøysta har starta ei ny spalte, ein tumleplass for dei med skrivekløve og for dei som brenn for noko. I denne spalta vil vi oppfordre jølstringar om å

skrive om noko som opptek dei, noko som er aktuelt i tida, eller noko dei trur kan vere godt for andre å lese. I tillegg til å oppmode skribentar om å melde seg, vil vi også utfordre nokre vi trur kan vere med på

å gje liv til denne spalta. Denne gongen er det NRK-fotograf og mannen bak TV-serien «Der ingen skulle tru at nokon kunne bu» Torje Bjellaas som skriv om gleda ved å gå på treski om koronaåret.


Påsketur – med treski frå Jølster

– Eg såg skia dine på instagram. Magiske flotte ski! Draumen er eit par treski!

Det kom ein slik melding inn i innboksen min for ikkje så lenge sidan. Det var ein Telemarkski-entusiast frå Nord-Norge som så gjerne ville ha ski frå Jølster.

– Eg skal prøve å få sendt eit par oppover. Det går vel eit tog, svara eg. Dei kjem vel fram til påske.

Tekst og foto: TORJE BJELLAAS



På «Kyrkjetaket» Skåhammarsegga

Eg formar ski frå vår eigen natur. Med høvel og øks vert det ski frå den finaste dalen eg veit om. Ålhusdalen. Skimateriale som har vakse og blitt til sterke og store tre. Og det er ask. Som material er asken den gjævaste. Emna som kan gje dei beste telemarksvingane. Og dei finaste turane.

Sterke og spenstige

Sterke, spenstige tre, omforma til mindre kløyvde ski som etterkvart får god glid ned bakkane. Ski tyder eigentleg kløyvd trestykke. Altså er det svært naturleg at ski er laga av tre. I tidlegare tider brukte dei ask til å lauva og gje dyra fôr, frå tørka lauv. Det var populært i fjøsen vinterstid. No treng ikkje bondene ask

på same måten, og nokre av desse gamle trea vert til ved, material til fine møblar, og ski. Eg var heldigvis på plass då familien på Øvrebø skulle ta ned ask øvst i dalen.

Det var 80 personar i Norge som gjekk på kurs i vinter for å lære å lage treski, slik det vart gjort før i tida. Det må vere ein grunn til at desse valde å starte læringa kring dette faget. Kvifor lage heimelaga heilvedski når ein kan kjøpe ski av plast, karbon og glassfiber i butikken? Det er i det minste konkret kortreist og berekraftig friluftsliv. Vi går på ski og opplever naturen frå Øvrebø der trea har stått i 60 år, laga av «Rasmestun-ask» frå øvst i dalen. Og gode ski vert det. Glatte, men med godt nok feste oppover. No gjev

desse trea liv til nye opplevingar og kan ta ut på nye eventyr.

Dalen er ei kyrkje

Kvar gong eg køyrer inn Ålhusdalen, forbi den vakre kyrkja ved vatnet tenkjer eg alltid at heile denne dalen er jo ei kyrkje. Vi har tårn både i aust og vest når du kjem innover forbi Goddalsstøylane. Grønlfjellet kneisar høgt der oppe i enden av dalen, og galleria oppe ved Sølvet, Trollet, Goddalsnipa og Syskardnipa får oss til å løfte blikket. Slik det står i salme 121: "Ein song ved festreisene. Eg lyfter mine augo opp til fjella. Kvar skal mi hjelp kome frå?" Når vi går oppover Skåhammarsegga er det som å balansere på kyrkjetaket.



Torje Bjellaas i sitt rette element.

Og utsynet er vidt. Ein kan hente både utsikt og innsikt. Her er rom for å tenke tankar om sjølv livet. Konfirmantane fekk også ein tur frå Årdalen over Hegrenesnipa til Ålhuskyrkja i haust. Dei brukte ikkje ski for å ferdast i fjella her. Heller ikkje sko. Dei gjekk berfjott nokre av dei, som ekte pilegrimar. Eg held ein

knapp på turane om vinteren. Rekkevidda vert lengre og ein kan nesten «fly» gjennom landskapet.

Skapar av landskap

Om ein hadde hatt heile livet til å utforske fjella i Jølster sommar og vinter, ja då hadde

ein hatt eit rikt liv. Nokre har brukt mykje tid på det, og gått rundt heile vatnet fjellvegen, frå dei trigonometriske kartpunkta på den gamle kommunegrensa. Andre har teke sommarturar rundt alle «Trollebotnane» som finst, slik Astrup gjorde i si tid. Skal tru om ikkje Astrup også måla sine vakre og dramatiske landskap for å ta vare på dei, og med ynskje om å formidle dei vidare. Og dermed også bevare alt for ettertida. Det er noko fint med å gjere det vidare, og la andre få ta del i det han opplevde. Eg tenkjer på det når eg gløttar bort på dei motiva vi har i stova. Ein seier jo gjerne at vi tek vare på det vi har for framtidige generasjonar. Og vi skal levere frå oss «garden» og bygga i betre stand enn då vi sjølv tok over. Slikt høyrer eg ofte. Astrup vart jo i så måte både ein skapar av landskap og ein stor formidlar av dei.

Skapings saga

Ein annan interessant bruk av Jølster-landskapet vårt fann eg i eit intervju med Karl Ove Knausgård. Han brukte sitt indre bilete av



Ålhuskyrkja med grava til Astrupfamilien nærat veggen.



Treski i produksjon.



Ein treskiprodusent må sjølvsagt ha logo.

Jølster i romanen «En tid for alt» der skapings saga var lagt til Jølster. Det var dette landskapet forfattaren kjende godt, og kunne dermed skrive om det menneskelege og det guddommelege, med utgangspunkt i Jølster. Det skulle dei visst, bøndene langs Kjosnesfjorden der dei streva oppe i bakkane i farne tider. At når våren kom etter dei lange vintrane kunne Jølster samanliknast med sjølvaste skapinga. Dei tenkte det kanskje ikkje sjølv der dei streva med skrint jordsmonn og sein snøsmelting.

Skia kom fram

På årets store snømengder vandrar eg innover mot Litlebotsegga på treskia mine, og tenkjer at eg er omslutta av naturen på alle måtar. Eg er inne i kyrkja. Skia håpar eg kjem til å vare i hundre år, og eg vil gjere alt eg kan for at andre også får oppleve dette vakre innover i dalane våre.

Så fekk eg endeleg melding att frå Nord-Norge. Skia var vel framme. Dei hadde truleg reist med tog. For det tok si tid. Men dei vart levert på døra, og bindingane var blanke og kjerneveden inni askeskia såg glatt ut. Han som fekk dei syntest dei var fine og spurde kva eg skulle ha for dei. Dette var jo Álhus-ask av beste slag, som eg fekk av Sondre Øvrebø. Eg tenkte som ein slektning inne i Osa i Hardanger, at om nordlendingen gav ein annan mann ei beine eller ei teneste vidare, kunne han få skia utan å tenkje noko meir på det.



God påske!

Opp Skåhamarsegga.



Marta Fimreite har sett varige spor etter seg i Jølster og vil bli sakna av svært mange.

Takka av og heidra eldsjel

I 1976 kom sogningen Marta Fimreite til Jølster som lærar ved Vassenden skule. No er pensjonisten tilbake i Sogn, og i februar tok bygda farvel på Vassenden kyrkjesenter.

Tekst og foto: HALLSTEIN DVERGSDAL

– Ingen kan gå i dine spor. Marta er Marta, sa sokneprest Silje Sørebo som takka frå kyrkja, der Marta Fimreite har lagt ned ein stor og viktig innsats heilt sidan ho kom til Jølster.

Mange hattar

Silje Sørebo gjekk gjennom alle funksjonar Marta Fimreite har hatt i kyrkja, og dei er ikkje få.

– Vi har ikkje diakon eller kyrkjelydspedagog, men vi har Marta, sa presten som ville dele ut «fortenestemedalje» for både diakoniarbeidet, rolla som klokkar, kyrkjeteinar, ungdomsarbeidar, soknerådsmedlem og -leiar.

Presten peika også på at Marta til tider har fungert som «prest og biskop» og har stått for både tidebøner og andakter når presten har vore forhindra i å utføre desse handlingane.

– Du har ikkje skrive tjukke bøker om teologi, men teologi handlar like mykje om det levde liv. Du har vore ei stor støtte for meg i mi prestegjerning, avslutta ein tydeleg rort prest.

Også prosten i Sunnfjord, Knut Magnus Nesse, var til stades og takka Marta for innsatsen med ein blomebukett og gode ord.

Politisk aktiv

Marta Fimreite har òg hatt sin tårn i politiken, som kommunestyrerepresentant for KrF. Inger Lind Åsen takka på vegner av partiet. Primus motor for bygginga av Vassenden kyrkjesenter, Karl Russøy, takka også.

– Det går veg mellom Sogndal og Vassenden, den må du bruke av og til, sa Russøy som slo fast at Marta Fimreite har vore ein av dei



Rakel og Jan-Roger Myklebust varta opp med vakkert blokkfløytestespele.

mest sentrale brukarane av kyrkjebygget sidan det stod ferdig i 2002.

Omtykt lærar

Rektor på Vassenden skule, Anne Cecilie Kapstad, takka frå skulen som har vore Marta sin arbeidsplass i Jølster.



– Marta er Marta, sa sokneprest Silje Sørebo i si takketales til den allsidige kyrkjelydsarbeidaren.

– Du tvang meg inn i rektorjobben og det er eg glad for. Du har stålkontroll og oversikt, og du var eit naturleg val då det skulle tilsetjast inspektør ved skulen. Du har også vore ein supervikar som pensjonist, og kan brukast i alle klassar. Du har betydd mykje for veldig mange, sa rektoren som fekk følgje av ein annan kollega frå skulen, Gerd Smaadal.

– Eg har kjent deg halve livet. Takk for ditt gode humør, sa Smaadal.

Song og musikk

Kulturkveld for Marta Fimreite var tittelen på arrangementet som vart ein lang hyllest til ei eldsjel som har sett varige spor etter seg både som lærar, kyrkjelydsarbeidar, soknerådsleiar og samfunnsengasjert menneske.

Marta vart takka av med song og musikk frå lokale krefter, plukka ut av kantor Rune Molvik.

Innleiingsvis sa Målfrid Kjøsnes at festkomiteen hadde vurdert å kalle det minnestund, men hadde slege det frå seg, naturleg nok.

– Marta hadde då vorte den første på denne planeten som fekk oppleve si eiga minnestund, humra Kjøsnes, og hovudpersonen



Det var mykje song og musikk på avskjedskvelden for Marta Fimreite. Mellom dei mange som bidrog med musikalskinnslag var Magnus Hope (t.v.) på hardingfele og Gunnar Smaadal på salmodikon.

sjølv tok også tak i dette poenget då ho takka til slutt:

– Eg er overvelda og eg har fått ei fantastisk minnestund, smilte Marta Fimreite som no har selt huset sitt i Langhaugane og har flytta til Sogndal. Dermed har ei av dei verkeleg

store eldsjelene i alt som har med kyrkjelydsarbeid å gjere, reist frå Jølster. Men det skulle ikkje forundre oss om ho held fram med frivillig arbeid der ho no har landa.

Kyrkjeskys

Treng du skys til kyrkja kan du ta kontakt med ein av desse:

Helgheim sokn

Inger Veiteberg tlf. 908 60 874
Knut Osvoll tlf. 911 90 709
Turid Høyvik tlf. 472 48 832
Astrid Aa Feldt tlf. 416 84 368

Ålhus sokn

Marta Fimreite tlf. 913 87 552
Björg Dvergsdal tlf. 476 66 812

60 born ventar, dei treng ei familie no

Mange born treng fosterheim. I desse dagar er det rundt 60 born i Rogaland og Vestland som ventar på ein heim. No går Bjørgvin bispedøme, Fosterheimstenesta i Bufetat og den diakonale, ideelle stiftinga CRUX saman om å informere i ulike kyrkjelydar om det store behovet det er for fleire fosterheimar. Dette ynskjer Bufetat i region vest velkommen.

Tekst og foto: CRUX

– Heldigvis er det mange gode fosterheimar i vår region, men vi treng framleis mange fleir. Eg veit at det er mange gode og omsorgsfulle familiar i kyrkjelydane i fylket, seier Mallin Østerhus, einingsleiar i Fosterheimstenesta i Bufetat region vest.

Ho seier vidare at Bufetat har eit godt samarbeid med nokre private aktorar, mellom anna CRUX, som jobbar med rekruttering og oppfølging av forsterka fosterheimar.

Verdas viktigaste jobb

– Å vera fosterheim er å vera der og stille opp for born som treng det mest. Det er vel ein av dei viktigaste jobbane vi kan ha her i verda?. For eit barn som har hatt det vanskeleg, kan det å få oppleve heilt vanlege ting gjera ein stor skilnad. Ein omtentksam og varm familie kan gje rammer og tryggleik, slik at barn kan vera barn. I CRUX jobbar vi med forsterka fosterheimar for dei mest sårbara borna, der ein vaksen får godtgjering tilsvarande 100% jobb. Familiane våre får tett oppfølging og rettleiing, og er i ein fellesskap med andre fosterheimar som gjev støtte og tryggleik, seier fagkonsulent Hege Gjeitrem Kulsås i CRUX hjem - Bergen.

– Vi treng ulike heimar, fordi borna har ulike behov, seier Hege. Det finnest også andre typar fosterheimar, mellom anna kommunale fosterheimar som får oppfølging av den kommunale barneverntenesta. Det er difor viktig at familiar som er nysgjerrige, og som vil høyre meir om fosterheimar og kva dette innebér, tar kontakt. Så kan vi saman finne ut om dette er noko for din familie.



Fagkonsulent Hege Gjeitrem Kulsås i CRUX hjem – Bergen, treng fleire fosterheimar.

Kyrkja ein døropnar i rekrutteringsarbeidet

I ein ambassadoravtale med Barne- og familiedirektoratet (Bufdir) har kyrkja forplikta seg til å vera med på ein felles dugnad for å rekruttere fosterheimar. No vil diakonane i Bjørgvin bispedøme samarbeide med Fosterheimstenesta og CRUX om dette, i håp om å kome i kontakt med familiar som vil høyre meir om dei sårbara borna og kva det vil seie å vere fosterheim.


– Vi er glade for at dette samarbeidet er tatt så godt imot. Diakonane er positive og vil informere ut om det store behovet for fosterheimar på sosiale medium og kyrkjelyden si nettside. I tillegg vil dei legge til rette for at CRUX og Fosterheimstenesta i Bufetat kan besøke kyrkjelydane og fortelje kva det innebér å vera fosterheim for born som treng ein

ny familie. Dette ser vi frem til, seier Gjeitrem Kulsås.

Nysgjerrig? - ta kontakt

Vil du vite meir, har spørsmål eller berre er litt nysgjerrig på kva det vil seie å vere fosterheim i CRUX, kan du ta heilt uforpliktande kontakt med oss. Du kan også lese meir om vårt arbeid på våre nettsider stiftelsen-crux.no. Følg gjerne «CRUX hjem» på sosiale medium, både på Instagram og Facebook, avsluttar Hege med eit smil.

Fagkonsulent Hege Gjeitrem Kulsås i CRUX hjem – Bergen, treng fleire fosterheimar.

SPAR 
NETTBUTIKK
Alltid same pris
på nett som i butikk

VI HANDLAR FOR DEG!
Bestill på nettbutikk.spar.no
Hent varene ferdig pakka hos
SPAR Jølstraholmen eller
få dei levert på døra.



skei@audhild-viken.no
Tlf. 57 72 81 25



MASKINENTREPRENØR

Ottar Dvergsdal AS

952 00 433

JØLSTER RØR AS

Tlf. 57 72 83 50 / 959 87 820
Bjørn 959 87 822 / Geir 959 87 823



COOP MARKED VASSENDEN

Måndag–fredag: 8–20
Laurdag: 8–18

Tlf: 57 72 72 00
vassenden@marked.coop.no



COOP MARKED SKEI

Måndag–fredag: 9–21
Laurdag: 9–20

Tlf: 57 72 83 77
skei@marked.coop.no

nordfjord *Naturstein av høy kvalitet*
SKIFER

Tlf. 57 72 70 16 / 917 63 804

VESTLAND
VESTLAND
GRUPPEN **ELEKTRO OG RØR**

Avd Jølster • Vikavegen 104, 6843 Skei
TLF 57 72 63 60 / 916 56 542 • EPOST svein@vestlandgruppen.no



Tlf. 57 82 70 30 • fjordan.no • eirik@fjordan.no

Fjordamat *Tunet*
- kurs og oppleving

Støringdal • Tlf. 951 46 531 • fjordamatunet.no

ENTREPRENØR
Ivar A. Sunde AS 
6847 Vassenden

BOSCH Service **Jølster Bil AS**
www.jolsterbil.no Tlf. 57 72 68 90

VASSENDEN TAXI
mob. 482 10022
Drosje, rullestolbil og minibuss

 **Åsen & Øvrelid as**
Tlf. 57 72 38 50



Hytter, bubilplasser, båter, kajakk, fiskeutstyr, mm.
Tlf 920 62 203 Mail: post@jolvassbu.no

MASKINENTREPRENØR
Jostein Sunde As
jostein-sunde.com

Graving Boring Sprenging Transport Steinmassar Kontainerutleige

post@jostein-sunde.com Tlf. 57 72 73 00



EIN SMAK AV TRADISJON
frå Anne Grete og Hilde

Søgenesand • 6843 Skei
Tlf. 951 10 688 / 948 97 236



ALF HELGHEIM & CO AS

6843 Skei i Jølster
Tlf. 57 72 83 11
post@alfhelgheim.no
www.alfhelgheim.no

FOTO • UR • GULL • SØLV • MUSIKK



ROALD SUNDE
Maskinentreprenør – Sentral godkjenning
Tlf. 57 72 81 91 / 952 31 915
GRAVING • TRANSPORT • MURING • SANDTAK



JØLSTER
BYGG OG INTERIØR

Tlf: 57 72 74 15 • www.jolsterbygg.no • Besøk oss på Facebook

TRENG DU NOKON Å
SNAKKE MED?

Nokre som ringer tenkjer på å ta sitt eige
liv, andre er usikre, einsame eller redde.
Nokre treng berre å slå av ein prat.

Ring eller skriv: Vi er her. Alltid. kirkens-sos.no

SOS
22.40.00.40

SOS
CHAT

SOS
MELDING

KIRKENS
SOS

Kyrkja er vår heim



APRIL

4. SUNDAG I FASTETIDA

søndag 3. april

ÅLHUS KYRKJE KL. 11:00

PALMESUNDAG 10. april

HELGHEIM KYRKJE KL. 11:00

Familiegudsteneste med dåp, utdeling av barnesalmeboka til 8 åringane.

SKJÆRTORS DAG 14. april

VASSENDEN KYRKJESENTER KL. 19:00

Gudsteneste med nattverd
Kveldsmat etter gudstenesta

LANGFREDAG 15. april

ÅLHUS KYRKJE KL. 11:00

Pasjonsgudsteneste med lesing av lidningssoga

Pasjonsmusikk på orgelet: kl. 10:30 – 10:50

PÅSKEDAG 17. april

HELGHEIM KYRKJE KL. 11:00

Høgtidsgudsteneste med nattverd
Konfirmantane tek del. Påskeplask

2. PÅSKEDAG 18. april

VASSENDEN KYRKJESENTER KL. 17:30

Påskesongkveld, Barnekor deltek
Kveldsmat

Torsdag 21. april

HELGHEIM KYRKJE

Skulegudsteneste kl. 11:00

Fredag 22. april

VASSENDEN KYRKJESENTER KL. 18:00

Ung messe

MAI

3. søndag i påsketida

Søndag 1. mai

HELGHEIM KYRKJE KL. 11:00

Konfirmasjonsgudsteneste

4. søndag i påsketida

Søndag 8. mai

VASSENDEN KYRKJESENTER KL. 11:00

Konfirmasjonsgudsteneste

MAI

framhald

17. mai

HELGHEIM KYRKJE KL. 11:00

Familiegudsteneste.

ÅLHUS KYRKJE KL. 12:30

Familiegudsteneste.

VASSENDEN KYRKJESENTER KL. 15:00

Familiegudsteneste.

6. SUNDAG I PÅSKETIDA

Søndag 22. mai

HELGHEIM KYRKJE KL. 11:00

Familiegudsteneste, Tårnagentar /
9-åringar frå tårnagenthelga deltek.

KRISTI HIMMELFARTSDAG

Torsdag 26. mai

ÅLHUS KYRKJE KL. 11:00

Konfirmasjonsgudsteneste

7. SUNDAG I PÅSKETIDA

Søndag 29. mai

Helgheim kyrkje kl. 11:00

Gudsteneste med nattverd

Familiegudsteneste

JUNI

PINSEDAG

Søndag 5. juni

ÅLHUS KYRKJE KL. 11:00

Høgtidsgudsteneste med nattverd

2. PINSEDAG

Måndag 6. juni

FRILUFTSGUDSTENESTE PÅ
HAMNANOVA CA. KL. 12:00,
avgang frå parkeringsplassen i
Dvergsdalen kl. 11:00

TREEININGSSUNDAG

Søndag 12.06

VASSENDEN KYRKJESENTER

KL. 11:00

Gudsteneste med nattverd.

Døypete



ÅLHUS SOKN

Ålhus kyrkje

25.12. Kasper Øvsthus

23.01. Aksel Fugle

Vassenden kyrkjesenter

09.01. Seline Sjøstad Ristesund

06.02. Olav Thorsen Strømmen

HELGHEIM SOKN

Helgheim kyrkje

19.12. Tobias Årdalsbakke

Gravlagde



HELGHEIM SOKN

Helgheim kyrkje

17.12.2021 Åsa Førde

21.12.2021 Anna S. Klakegg

28.12.2021 Solveig Veiteberg

JUNI

framhald

2. SUNDAG I TREEININGSTIDA

Søndag 19.06

SANDALEN GRENDAAHUS KL. 11:00

Skaparverkets dag

3. SUNDAG I TREEININGSTIDA

Søndag 26. juni kl. 11:00

FRILUFTSGUDSTENESTE I

KJØSNESHOGEN

4. SUNDAG I TREEININGSTIDA

Søndag 3. juli

ÅLHUS KYRKJE KL. 11:00

Gudsteneste med nattverd.



Folka i Jølster Design AS som står bak dei åtte bileta som no er på plass i Helgheim kyrkje fekk mykje vellate under festgudstenesta i slutten av mars. F.v: Designar Elsa Norunn Håheim Nydal, dagleg leiar Solrunn Dvergsdal og veverske Irén Dvergsdal.



Skeivasskoret under leiing av Kjetil Andreas Nydal



Soknerådsmedlem Maria Sture hadde teke med seg dottera Øyunn for å sjå på den nye kyrkjekunsten. Alle foto: Hallstein Dvergsdal